

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### REVIDERING AV OVERORDNA RISIKO- OG SÅRBARE TILHØVE I TYSNES KOMMUNE BEREDSKAPSPLAN

---

Sakshandsamar: Helge Drange

---

Arkivsak : 17/174 -

Arkivkode: 840

---

**... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

**Vedlegg: Analyse av risiko- og sårbare tilhøve – revidert utgåve**

#### SAKSUTGREIING:

Kommunane sitt ansvar samfunnstryggleik og beredskap er slått fast i Lov av 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven):

- § 14: kommunane skal utarbeida heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar)
- § 15: kommunane skal utarbeida beredskapsplanar med utgangspunkt i ROS-analysen. Beredskapsplanen skal innehalda oversikt over kva tiltak kommunen har førebudd for å handtera uønskte hendingar.

Forskrift av 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt (gjeldande frå 07.10.2011) utdjupear kommunane sitt ansvar. Beredskapsplikta pålegg kommunane å arbeida heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, og understrekar kommunen si viktige rolle som samordnar og pådrivar i arbeidet med samfunnstryggleik. Sivilbeskyttelseslova med forskrift pålegg kommunane ei GENERELL BEREDSKAPSPLIKT som er sektorovergripande. I tillegg stiller ymse sektorlovverk krav til ROS-analysar og beredskapsomsyn innanfor respektive sektorar, t.d. helse- og sosialberedskapslova, brann- og eksplosjonsvernlova og plan- og bygningslova.

Tysnes kommune sin første analyse av risiko- og sårbare tilhøve vart vedteken i kommunestyre 19. juni 1997. Det vart gjort ein enkel revidering/justering i 1999/2000 med tanke på dataproblematikken knytt til tusenårsskifte.

Deretter gjorde Tysnes kommune ein revidering av den overordna ROS-analyse i 2008. Denne vart vedteken av Tysnes kommunestyre 16.12.2008. Etter tilsyn i 2015 fekk Tysnes kommune pålegg om revidera denne på nytt.

Ein analyse av risiko og sårbare tilhøve vil ikkje erstatta dei kriseberedskapsplanane som er for krigssituasjonar og for krisesituasjonar elles, men vil ta føre seg ein totalanalyse av slike

situasjonar og fungera som ein kvalitetskontroll på kommunen sin evne til å handtera krisesituasjonar.

Den revidert analysen tar utgangspunkt i arbeidet i 2008, erfaringar med beredskapsarbeidet i perioden 2008-2016, evalueringar av hendingar i perioden, fleire øvingar gjennomført i regi av Fylkesmannen i Hordaland og analysearbeid med viljestyret hendingar gjennomført i 2016.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

Revidert analyse av risiko- og sårbare tilhøve i Tysnes kommune vert godkjent slik den ligg føre.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**